

**Uskedalen-politikarane Gunn Mari Moberg (H) og Kjell Yri (V) var sterkt engasjert på kvar si side då formannskapet drøfta Varaldsøysaka. Moberg tykte det var ei dårleg sak og meinte administrasjonen og fleirtalspartia hadde byrja i feil ende med omsyn till omleggjinga.**

**Ho meinte ei omgjerung til dagsenter vil gje færre plassar totalt i kommunen og var særleg bekymra for avlastningsplassane.**

Moberg sa at det ikkje betydde effektivisering å leggja ned på Varaldsøy. Kjell Yri sto bak fleirtalsforslaget. Han meinte at mange irrelevante argumenter var blanda inn, til dømes dette med utflytting, som han ikkje hadde noko tru på.

Yri sa at folk helst vil bu sentralt og urbant i dag, til dømes på Husnes, og minna om at det er ei god heimeteneste, som vil bli styrka med 2 millionar ved nedleggjing på Varaldsøy.

**Av Kristian Hus**  
*HusnesNett*